



**RS- sak**

Dato: 01.06.2017  
Arkivsak: 2015/1426-16  
Saksbehandlar: bjomidt

---

Til: Fylkesutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

## **Svar på spørsmål om køpris for bilistar i fellesferien**

### **Spørsmål i fylkesutvalet**

Representanten Silje Hjemdal (Frp) stilte følgjande spørsmål i møte i fylkesutvalet 23.5.2017:

*«Spørsmålstiller lurer på om det er muligheter for å legge til rette for at bilister ikke betaler køpris i sommerens fellesferie, da det viser seg at køproblematikken ikke er den samme i dette tidsrommet.»*

### **Svar fra fylkesrådmannen**

Fylkesrådmannen viser til at eit liknande spørsmål vart stilt i fylkesutvalet 23.6.2016. Svaret på det spørsmålet vart gitt av fylkesordførar i møte i fylkesutvalet 23.8.2016 (RS sak – 127/16)<sup>1</sup>.

Det er i spørsmålet frå representanten Hjemdal ikkje presisert kva som er meint med «sommerens fellesferie». Fellesferien er ikkje noko formelt omgrep i den norske ferielova, men Fellesforbundet og Byggenærings Landsforening har fastsett «fellesferien» for 2017 til fom. måndag 10. juli tom. fredag 28. juli.

Tidsdifferensierte bompengar i bomringen i Bergen vart innført 1. februar 2016 etter vedtak i Stortinget 15.12.2015. I vedtak 313 samtykkjer Stortinget i at bompengeselskapet kan kreva inn bompengar til delvis bompengefinansiering av Bergensprogrammet i samsvar med vilkåra i St.propp.1 (2015-2016). Bompengesetningen som er omtala i St. propp 1 (2015-2016) opnar ikkje opp for å differensiera bompengetakstane i høve til årstider og feriar. Om bompengesetningen skal endrast på ein slik måte, føreset det ny politisk handsaming i bystyret, fylkestinget og i Stortinget. I sak om ny bompengesetning for bypakken i Bergen knytt til byvektstavtalen, handsama i fylkestinget 13. juni 2017, er det heller ikkje lagt opp til å differensiera bompengetakstane i høve til årstider og feriar

I St.propp.1 (2015-2016) framgår det at Samferdselsdepartementet legg opp til at ordninga med tidsdifferensiering skal evaluerast etter to år. Implisitt i dette, er det føreset att bompengesetningen og takstsystemet ikkje vert endra i to-årsperioden. Bompengesetningen kan likevel bli endra før det har gått to

---

<sup>1</sup> Sjå:

<http://einnsyn.hfk.no/elnnsyn/DmbHandling>ShowDmbHandlingDocument?dmbId=7881&caseType=CasesFremlegg&registryEntryId=221123>

år, om Stortinget handsamar bompengesøknaden for bypakken i Bergen hausten 2017. Men som nemnt ovanfor, legg ein heller ikkje i ny bompengeordning opp til eigne «sommartakstar» i bomringen i Bergen.

Hovudføremålet med innkreving av bompengar er finansiering, også i «rushtida» - anten det er kø eller ikkje- kø i denne perioden. Lågare takstar delar av døgnet i fire veker vil truleg gje noko reduserte inntekter. Fylkesrådmannen er opptatt av ikkje å svekka økonomien i Bergensprogrammet eller i den komande bypakken knytt til byvekstavtalen. Fylkesrådmannen vil ikkje ta initiativ til å stoppa innkrevinga av tidsdifferensierte bompengar i fellesferien.